

FYLKESKULTURPRISEN 2012.

**v/leiar i hovudutval for kultur Nils Gjerland.
Tysdag 11.12.2012.**

Fylkesordførar, fylkesting.

Hovudutval for kultur har vedteke at fylkeskulturprisen for 2012 vert tildelt Bremanger Musikklag.

Føremålet med fylkeskulturprisen, slik den er formulert i vedtektene, er å løfte fram kulturarbeidet i Sogn og Fjordane.

Prisen er ein honnør for særleg innsats i, og til beste for kulturlivet. Mottakar skal ha vist evne og vilje til å yte kulturinnsats ut over det vanlege.

Fylkeskulturprisen skal ikkje minst også vere ein inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i vårt fylke.

Vi har mange gode kandidatar til slik merksemd.

I 2012 er det Bremanger Musikklag som får årets pris for sitt imponerende arbeid med fleire store konsertar, og gjennom desse spreidd glede og musikkoppleving for mange innbyggjarar i fylket.

Kven er dei?

Bremanger Musikklag vart stifta i 1996, og frå starten var det 20 medlemmar. Dette talet har etter kvart auka til 35 faste medlemmer. (2008)

Dei er kulturambassadørar frå Bremanger, og eit samarbeid mellom unge og eldre frå musikklivet i Bremanger og Bremanger skulemusikk. Dei kombinerer korps, band og vokalistar/koristar og har gjennomført fleire store fellesprosjekt.

Dette er blitt eit særeige kjennemerke for Bremanger Musikklag.

Bremanger musikklag har gjort seg bemerkta med fire slike store prosjekt.

Det starta med Abba-prosjekt: 2000-2002

Deretter, Elton John-prosjektet: 2003-2004

Vidare var det Country-prosjektet: 2007-2010

Og så 70-talls pop-prosjekt: 2011-2012 (Bee Gees – Beatles m.fl.)

Og dei har vore med på revy.

Forestillingane er framført heime i

Bremanger og Svelgen. Men ikkje minst med fleire besøk i Florø, Sogndal, Førde, Måløy, Stryn, Sandane, Balestrand, Ålesund, og Grieghallen i Bergen. Til saman kring 30 konsertar.

Dei er ein naturleg aktør ved lokale arrangemang 17.mai, julekonsert i Berle og Bremanger kyrkje. Vårkonsert m/kammerkoret, og med musikklag frå Florø, for å nemne noko av den utøvande verksemda.

Men ein stor del av aktiviteten er øving og øving. Noko som er ein viktig del av det kulturelle og sosiale livet i og kring Bremanger Musikklag.

Med sine dyktige musikarar og songarar, spreier dei glede og entusiasme, og har dei eit godt grep om sitt publikum. Musikklaget er også ein viktig lærearena for nye unge talent, som får inspirasjon av prestasjonane til dei meir etablererte utøvarane.

Bremanger Musikklag har med si lokale tilknytning, kreativitet og entusiasme, blitt ei positiv merkevare for Bremangersamfunnet.

Musikk er vakkert og viktig som formidling av kjensler og draumar, for musikaren sjølv, og for oss som får oppleve musikken. Musikk har mange stilarter, og underliggande dialektar. Det finst mange ulike musikkinstrument, som kvar for seg har sin eigen klang. Ved å kombinere ulike instrument kan dei kyndige skape jupne og nye musikalske horisontar. Det er musikaren, artisten, kunstnaren, personen bak instrumentet som formidlar og skaper magien. Eit instrument utan muskar er berre ei påminning og ein muligheit. Høyr berre kva eit bortgøymdt flygel sa til meg.

Eit ventande flygel

Eg vil så gjerne inn i ei lukkeferd
med latter song og spel
Og tru det er mi friarverd.

Eg vil ikkje stå her på stas, og støve
kom hit og hent min tone no,
om ikkje anna, enn for å øve.

Mine tonar kan bli både sur og sår.
Den finstemte tone, tagal.
Når eg berre til prydnad står

Eg er eit flygel som for tonen gagnar
Set deg ned og ver meg nær'
når du forlet meg, min tone tagnar.

Kom hit og kjæl med min tagent,
Bryt på meg no,
før det er for seint.

Då kan vi dra inn i ei draumeverd
Med augnekast i song og spel
Slik at eg trur det er ei friarferd.

Nils Gjerland

Eg har følgd Bremanger Musikklag sine prosjekt med stor interesse desse åra, og siste møte med dei var på ein vakker julekonsert i Svelgen kapell 2. desember i år. Det er ei glede å utnemne *Bremanger Musikklag* til prisvinnar for sin innsats med å spreie musikk og glede til eit stort publikum. Dette er ikkje ei avskjedsgåve, men er meint som ein inspirasjon til nye øvingar, prosjekt og konsertar. Til meir glede.

Eg gratulerer Bremanger Musikklag med fylkeskulturprisen for 2012.

Med dette vil eg be fylkesordføraren om å overrekke prisen; Ein diplom, 50 tusen kroner, og blomster.